

11

– Kom igjen, Engel, du er så fin. Berre litt, seier Tommy, eller var det Tom han heitte?

Nett no hugsar eg ikkje, men eg kjenner kor han har handa si. Og det kjennest i grunnen ikkje så verst ut, ikkje i det heile. Han har raske fingrar.

– Nei, utan kondom gidd eg ikkje, sånn er det berre, seier eg og dyttar han ned på dolokket.

Han har buksa på knea, og det sprenger mot stoffet på boksarshortsen av noko som gjerne vil ut. Eg bøyer meg og hjelper den ut av fangenskapet. Får eit jovialt nikk som takk for hjelpa.

– Sug meg, då, ber han med eit blick som avgjer saka.

– Niks, seier eg og går ut.

Eg flirer til jentene som står i kø, mens eg liksomtørkar meg i kvar munnvik.

– Unnskyld at det tok så lang tid, men eg måtte spy, seier eg og smett forbi dei.

Høyrer på brølet frå stakkaren og sensasjonsskriket frå jentene at han er knipen med buksa på knea. Kanskje ei av jentene forbarmar seg og syg han fordi ho synest

synd på han? Inne på diskoteket er det høg musikk og kroppar som pulserer klamt mot kvarandre og forsøksvis til bassrytmen. Eg kjenner at det eg sa om å kasta opp, ikkje var langt frå sanninga. Skubbar meg gjennom folkemengda på leit etter Irene eller nokon av dei andre. Men det er så fullt av folk. Kroppane som dultar i meg, gjer meg iskald og varm på same tid. Det er ikkje tvil: Eg må spy. Eg prøver å stabla på beina nokre klare tankar i hjernegrauten. Ser Tom, Tommy eitt eller anna koma ut frå toaletta med alt anna enn eit smil rundt leppene mens han festar beltet på buksa. Ut frå det trekker eg to slutningar, ein: han blei ikkje sogen, og to: eg bør koma meg ut av syne. Eg ser bak meg, passasjen forbi baren er stengt av ein propp menneske. I det eg skal snu meg mot toaletta igjen, flyt blikket mitt forbi eit dørhandtak. Eg går mot dørhandtaket. Eg trykker ned dørhandtaket. Eg skliir gjennom sprekken.

– Åh!

Nokon har funne døra før meg. Ei som har lurt seg unna røykelova og sett seg i baktrappa ned til restauranten. Eg seier unnskyld til jenta, bøyer meg ned etter noko som ligg på trappa. Eit bilde. Ein gut. Store mørke auge. Smil med ei manglande framtann. Eg ser på ansiktet til jenta. Store mørke auge. Utan gneiste av liv. Våte og raude. Eg klappar henne på ryggen. Kjenner at det får henne til å gysa. Seier noko vennlig, spør om det er hennar gut. Ho svarer at det er det. Snufsar. Eg kjenner igjen at eg må spy. No er det ho som stryk over min rygg. Seier vennlige småord. Kjenner armene hennar om meg og at ho støttar meg ned trappa. Låser opp ei dør, eg er ute.

Pustar, pustar, pustar. Sett hendene mot knea. Det går over. Døra bak meg er framleis open. Jenta står der enno. Det går opp for meg at vi ikkje har snakka norsk.

– Er du russisk?

– Gå no, seier jenta, som eg no ser er eldre enn eg trudde.

Ho smett inn døra og lukkar den bak seg. Det svimlar for meg, og eg ser ned på knea mine. På hendene som kviler mot knea. Har noko i eine handa. Det er eit bilde av ein gut. Eg rettar meg opp og går mot døra. Bankar på døra. Prøver å opna den, men den er låst. Eg ser på bildet av guten, han kan vel vera seks eller sju år. Det er teke på skolen i alle fall. Han har ei tavle bak seg. På tavla står namnet hans med barnslige bokstavar. Sjølv om eg flytta med mamma frå Moskva då eg var ni år, kan eg nok kyrillisk til å kunna lesa namnet. Eg famlar etter noko i hovudet, men det glepp. Stikk bildet i brystlomma på dongerijakka.

Eg stavrar meg langs veggen på hotellet. Merkar meg at baksida framleis er brunbeisa. Eg prøver å riva laus ei flis av eit bord. Det går lett. Kva var det Alf sa på jobb? At det er noko med alle, noko dei røper seg på. Eg stikk flisa i lomma som om den var bevismateriale. Eg smyg meg gjennom skogen av bregnar som veks heilt inntil veggen, og kjenner at det lettar i hovudet igjen. Lyden av stemmer får meg til å stoppa og klistra meg inntil veggen.

– Fy fan, Tony, det der er for godt til å vera sant.

– Med desse her så puler du som ein konge heile natta. Dette er verdas beste sommarjobb, svarer Tony.

– Kva med jentene, då?

– Dei er heite og våte som fan, Remi. Det er derfor vi trengst, dei er umettelige på pikk, brøler Tony.

Eg høyrer dei to begynna å gå, og eg kikkar fram frå hushjørnet. Kjenner igjen den blanke skallen til Tony, nevøen til Tomtegorgen. Han og den litt slankare fyren med hestehale som heiter Remi, har begge pilotjakker med påskrifta *VAKT* på ryggen. Kan ikkje skjøna at jobben som dørvakt gir dei så mykje mus at dei må bruka piller for å halda snabben gåande.

Ved brygga framfor hotellet duppar fritidsbåtane i takt med musikken som siv ut frå Labyrinten diskotek. *Sommartider hei, hei, sommartider.*

– Er det ikkje den vesle avisengelen? Eg får takka for fin omtale, då. Det har nok hjelpt på, det, diskoteket er fullt, og det er god stemning i restauranten.

Stemma bak meg får det til å putra inni meg. Han veit at eg prøvde å ta han, og han veit at han klarte å koma seg unna lett som berre det. Han trong berre å ta ein telefon.

– Du er heldig som har redaktøren i lomma, korleis klarte du det? seier eg utan å snu meg mot den hårete fiskepuddingen.

– Han er her i kveld og kosar seg i restauranten, seier Tomtegorgen.

Eg ser på båtane ved brygga, «White Shark» er ein av dei.

– Og Smøris er her også, så søtt.

– Ja, ordføraren og redaktøren er jo svært nær. Det er rart med det på sånne småplassar.

Nakkehåra reiser seg. Høyrer stemma koma nærmare og stega hans over trebrygga. Eg snur meg mot han.

– Eg veit kvifor du ville stryka det avsnittet i artikkelen om naustet. Eg henta ut bygningsløyvet, og den leilegheita på toppen av naustet er ulovlig. Du veit at det er ei strengt regulert strandsona like ved eit reservat for sjøfugl.

– Ja, du kan få sagt det, seier Tomtegorgen muntert mens han heisar den lyse buksa si opp i livet.

– Eg har meir enn det papiret. Eg har eit vitne, ein som kan stadfesta at du har teke deg til rette. For kva skal ein vel med dass og kjøken i eit naust?

– Veit du kva du minner om der du står og gneldrar? Ein cocker spaniel. Eg hadde ei sånn søt lita tisper ein gong, smiler han og strekker ut neven for å klø meg bak øyret som om eg var ein hund.

Eg føyser fingrane hans bort, tek eit steg unna og finn fram den rotne flisa frå bordkledningen.

– Ser du, pill røten, seier eg og smuldrar opp treflisa.
– Sånn som deg. Eg liker ikkje folk som tek seg til rette, som trur dei kan gjera kva fan dei vil berre fordi dei har pengar. Du kan stola på at eg kjem til å rævkøyra deg, freser eg.

– Du burde ikkje drikka deg full, du som er så ung. Eg vil ikkje ha fulle småungar som ravar rundt ved hotellet. Tenk om du skulle koma til å snubla og falla i sjøen? Det er ikkje sikkert eg eller nokon andre er her for å plukka deg opp igjen, seier han.

Igjen har han flytta seg nærmare, denne gongen så nær at eg kjenner leppene hans røra seg mot øyret mitt mens han snakkar. Han legg eine handa si på skuldra mi og masserer den.

– Truar du? spør eg.

– Nei, det er du som har trua meg, seier han og slepper taket i meg.

Tomtegorgen tek opp eit blankt etui og fiskar ut ein sigarett. Så tek han eit steg tilbake, ler og dunkar sigaretten mot etuiet. Eg ser at Smøris er på veg ned trappa frå terrassen framfor hotellet.

– Hei, Steven, har du helsa på sommarvikaren i avisa? Oppvakt og ambisiøs jente, ler Tomtegorgen mot ordføraren.

– Hei, hei, eg må stikka, seier eg og pressar fram eit smil før eg går mot parkeringsplassen.

– Viss du skulle slutta i avisbransjen, så kanskje eg har ein jobb til deg. Eg veit om ei stilling du ville passa godt i, ropar Tomtegorgen etter meg. Eg høyrer den vesle bartehaien ved sida av han harka fram ein pistrete latter.